



Ungdommane søkjer ly for veret ved trafokiosken til høgre på bildet, og spring skrått over vegen når bussen kjem. (Foto: Thor Inge Døssland)

**Som nær nabo til busstoppen ved Korsneset har eg den seinare tida vore vitne til svært så farlege trafikksituasjonar. Med mørke og mykje regn har vi verkeleg fått sett kva farar eit manglande busstur kan vera hovudårsak til. Dette ser vi tydeleg når dei 10-15 passasjerane som skal reisa med skulebussen til Rosendal, skal gå på bussen.**

På grunn av at det manglar busstur, søkjer mange av ungdommane ly for veret ved trafostasjonen i krysset ned til Korsnesfeltet. Når bussen kjem spring dei kortaste veg til busstoppen for å nå bussen. Då blir det både kaotisk, stressa og farlege tilhøve. Vi skal vera svært så glad for at det har gått bra til no.

Vi skjønar faktisk at ungdommane prøver å søkja ly for veret. Når dei skal sitja på skulen heile dagen er det naturleg å prøva å unngå å bli for våte og kalde i ventetida. Og ventetida kan mange dagar bli ei stund. Avgangstida tida til bussen har dei siste fjorten dagane variert med 24 minutt dei gongene eg har registrert tida. Det tidlegaste den har gått er kl. 08.18 medan det seinaste eg har sett er kl.08.42. Dei fleste dagar går den om lag klokka halv ni. Den store variasjonen gjer at ungdommane får unødvendig lang ventetid.

Av Thor Inge Døssland